

Naturen i Menneske

Bivokskunst på Det Norske Teatret: Eit samarbeid mellom kunstnar og bier

I haust kan publikum oppleve tre heile nye skulpturarbeid av kunstnar Nanna Melland i høve framsyninga *Bienes historie*.

Utgangspunktet for skulpturane er avstøyping av ei kvinnes byste i bivoks. Våren og sommaren 2020 har desse vore lukka inne i bikubar. Biene har leve i skulpturane og naturen har gått sin vante gang. Honningbiene har flydd inn og ut av kuben, bygd opp voksceller, og brukt bystane som matlager for nektar og pollen. Biedronninga har lagt egga sine i dei.

Skritt for skritt har naturen og biene transformert bystene. Frå det kjende har det oppstått noko nytt. Resultatet er overraskande, vakkert, fredeleg og litt uhyggeleg. Dei minner oss om det ubehagelege, at vi er natur, og heilt avhengig den. Naturen derimot kan fint leve utan oss.

Tre skulpturar

Nanna Melland har i fleire år røkta bier, men dette er første gong ho har tatt biene med seg inn i kunsten. 60 000 bier har tatt bustad i skulpturane, og bygd vidare på dei, medan Melland har observert og moderert bienes voksbygging. Eit samarbeid mellom kunstnar og bienes naturlege prosessar.

Resultatet er dei tre skulpturane som no heng i foajeen på Det Norske Teatret.

Ein skulptur heng som eit slakt frå ein vaier i to stenger. Hovudet heng ned i ein trist positur. På ryggen anar vi formar som minner om vengjer. Tittelen på skulpturen er «Fallen engel».

Ein annan skulptur er fullstendig dekkja av voksceller. Auga stirer på deg frå to små opningar, og munnen er som eit fastfrose skrik. Den har tittelen «Skrik».

Den tredje skulpturen heng fredeleg og vakkert i rommet. Den ber tittelen «Madonna». Det kan verke som den prøver å mane oss til stille ettertanke.

Om kunstnaren

Nanna Melland (Oslo, 1969-) er opphavelig gullsmed og smykkekunstnar. I 2008 fekk Melland diplom frå kunstakademiet i München. Ho har hatt fleire utstillingar i inn og utland, og verka hennar er å sjå i fleire internasjonale museum.

Utstillinga vil henge i foajeen på Det Norske Teatret frå premieren på *Bienes historie*, 11. september, og utover hausten. Utstillinga er tilgjengeleg i opningstida til foajeen.

Kontakt kunstnar: nannamelland@gmail.com
Les meir på www.nannamelland.com